

Fortun-Granfasta konsesjonen og påverknaden på friluftslivet i og rundt Hurrungane.

Hurrungane er eit mytisk fjellområde som med sine spisse tindar, har vore ein viktig arena for norsk fjellsport. «Tindesportens vugge» blir området her ofte kalla fordi nettopp den alpine klatringa her til lands starta her. Dette ved dei store bestigningane som blei gjort her på slutten av 1800 talet, med bestigninga av Store Skagastølstind gjort av W.C. Slingsby (1876) som den største bragden, men der også Nordmenn også etter kvart gjorde store bestigningar både av tindar og ulike ruter. Klatringa her har alltid satt folk på prøver grunna fjellas bratte karakter og veirets lunefulle svingningara. Hurrungane blei også nytta til trenings arena for større ekspedisjonar til både Alpane og jamvel Himalaya.

Hurrungane`s flotte utsjåande tiltrekker seg, ikkje berre tinderanglarara og friluftsfolk, men jamvel også den generelle turist. Dette fordi fjella her er unike i nordisk samanheng når det kjem til utsjåande og den alpine karakteren. Bratte sider, hengande brear og ville fossar bere områder preg av, eller ivertfall gjorde det det. Mange av elvane som kjem ut frå dalføra som vender mor nord, Styggedalen, Helgedalen, Skagadalen og Ringsdalen er alle påverka av kraftutbygginga Fortun-Granfasta. Her er selfølgelig merke i naturen frå utbygginga, men det det mest visuelle er nok alikavel mangelen på fritt rennande vatn i elvane. Dette er synlegt for den «vanlege» turist langs vegen (riksveg 55), samt turistane som velger å bu på dei ulike overnattingsstadane langs vegen. Men størst påverknad er det nok for den delen av folket som aktivt brukar Hurrungane som rekreasjon. Dette gjelder spesielt i dalføret Skagadalen, der det er ei (i dag, sommarstid) minimal vassføring i elva. Skagadalen er den mest brukte dalføre då den fører inn til foten av Store Skagastølstinden, som er eit gjevt mål for mange. Dalføre er og attraktivt for vanlege fotturistar. Dette inntrykket av manglande vatn i elva i starten av dalen (og turen innover Skagadalen) blir styrka idet ein kjem til bekkinntaket til elva, og ser og høyrer elvas krefter. Føleslen av å vere i fri natur blir då berøva. Dette gjev også seg utslag i kvaliteten for den enkelte brukaren av dette dalføre. Ein oppsøker naturen for og på naturens premissar, men blir møtt av storsamfunnets umettelege krav.

Mange føringsbedrifter har arbeid i Hurrungane sommarstid. Nordesguidene, Breogfjell samt Fjellsentralen er dei største aktørane med rundt 3-400 gjester i Hurrungane sommarstid. Dei her bedriftene lever av å tilby turar i fri natur. Forrutan dei, er det også ein rekke andre

aktører som opererer i området (Dnt, m.fl). I tillegg her er det også eit stort antall som kjem på eigenhand for å bedrive friluftsliv i område. Søken etter det urørte er ein viktig faktor for denne gruppa og. Trenden er at denne formen for aktivitet vil auke i framtida og.

Ein auke av minstevassføringa av vatn sommarstid i elvane i og rundt Hurrungane vil dempe noko av den visuelle skaden som er gjort her i området, gje meir liv i i naturen og dempe inntrykket av bortføring av vatnet i bekkeinntaka. Dette vil ikkje føre elvane tilbake i sin opprinnelege stand, men vil vere med på å rette opp igjen noko av følelsen til å vere ute i fri natur igjen for dei mange brukarane av området

Mvh

Sigurd Felde

Forum for natur og friluftsliv